


Equinor

Norgescup Førde 2021

12. – 14. februar



equinor





Velkommen til Førde og Equinor NorgesCup på Langeland Skisenter!

Førde Idrettslag er lokalisert i Sunnfjord kommune (Førde kommune fram til 31.12.19). Idrettslaget vart skapa i 04.01.1920 som ”Førde Sports og Idrettsforening” - og runda med dette 100 år i 2020, med slagordet «ein sprek hundreåring»!

Førde Idrettslag er eit stort idrettslag i landsmålestokk, og er den klart største frivillige organisasjonen i Sunnfjord kommune med vel 1900 betalande medlemmer. Førde Idrettslag har 13 ulike sægrupper. Største gruppene finn ein innan tradisjonelle idrettar som fotball, ski, symjing, friidrett og handball. I jubileumsåret 2020 skulle Førde IL avvikle nasjonale arrangement innan langrenn, friidrett, motbakkeløp og orientering. Grunna covid-19 var det kun sistnemnde som kunne gjennomførast.

Førde IL langrenn har om lag 180 betalande medlemmer, og er med dette den klart største langrennsgruppa i Sogn og Fjordane Skikrins. Gruppa arrangerer om lag 10 skirenn kvar sesong: karusellrenn, sone og krinsrenn, samt årvisse arrangement gjennom Ribberennet, og turrennet Kalsetrennet. Førde IL langrenn vart i 2016 kåra til årets langrenns klubb i Norge av Norges Skiforbund ved langrennskomiteen. Året etter, i 2017 fekk Langeland Ski og Fritidssenter tildelt pris som årets anlegg. I så måte gledeleg at ein no også er å finne på det nasjonale arrangør-kartet.

Gjøran Tefre er den store profilen frå Førde IL langrenn, han representerer også regionlaget Team Elon Vest. Gjøran Tefre er også prosjektleiar for Enivest Skiskule som Førde IL langrenn i samarbeid med Sogn og Fjordane Skikrins har arrangert dei siste tre åra. Enivest Skiskule er for utøvarar i alderen 11-16 år, avvikla i haustferien, med fokus på eit godt sportsleg og sosialt tilbud.

Førde Idrettslag og langrenningsgruppa er stolte av at Equinor NorgesCup for senior endeleg skal kunne avviklast i løypene på Langeland. Den vedvarande situasjonen med covid-19 er sjølv sagt ei utfordring i forhold til arrangementet. Alle nødvendige tilpassingar i høve gjeldande smittevern regelverk er ivaretatt – vi ser dermed med forventning fram til dei ulike konkurransane.

Med dette ynskjer ein deltararar, støtteapparat og øvrige tilreisande hjarteleg velkomne til Langeland – lukke til!



ARNE HELGHEIM

Styrelseiar
Førde Idrettslag

Førde, 28. januar
2021

NØKKELPERSONAR

Leiar i hovudkomiteen: Yngve Thorsen
tlf. 908 02 575

Rennleiar:
André Haugsbø
tlf. 926 18 851

Rennsekretær:
Ingrid Narum
tlf. 926 01 421

**TD
(teknisk delegert):**
Erland Husum
tlf. 902 29 539

Ass. TD
Ella Gjømle
tlf. 915 40 646 og
Tor Arne Hov
tlf. 473 04 400

Kjære alle saman, no er vi endeleg i gang – velkommen til Sunnfjord, Førde og Langeland Skisenter!

Som leiar i hovudkomiteen er eg stolt av å ynske store delar av langrennsfamilien i Norge velkommen til Førde og Langeland Skisenter.

Vi er i ei spesiell tid og saman med Norges Skiforbund gjer vi vårt ytterste for å skape så trygge rammer som mogleg, for utøvarar, servicepersonell og funksjonærar. Sjølv om det vert mange restriksjonar og store avgrensingar i høve smittevern, håpar vi at alle skal føle seg godt ivaretatt, og at ein reiser frå Langeland med gode minner. Alle på startstreken har eit mål dei vil nå, og mykje står på spel for mange. Då er det vår oppgåve å legge til rette for at alle får best mogleg tilhøve når det gjeld som mest.

I det vi er klare til å starte er det på sin plass å takke alle som gjer det mogleg å arrangere store idrettsarrangement: Dei frivillige! Det er den frivillige dugnadsinnsatsen som definerar eit idrettsarrangement, og som får gjestane til å føle seg velkomne. Dei møter alle med eit smil og eit ynskje om at du skal ha det bra når du kjem. Takk skal de ha!

I tillegg er vi utruleg takknemlege ovanfor privat næringsliv, kommune og fylkeskommune, som nesten utan unntak opnar døra når vi bankar på. Utan entusiasme, engasjement og økonomiske bidrag frå dykk, ville det ikkje vere mogleg å invitere langrenns-norge til skirenn i Førde. Vi håpar å bidra til at de får noko igjen for engasjementet.

På vegne av hovudkomiteen for Equinor NorgesCup 2020 v/ Langeland Skisenter ynskjer eg dykk alle hjarteleg velkomne til spennande skidagar – vi skal gjøre alt vi kan for at du skal trivast her. Velkommen!



YNGVE THORSEN
Leiar hovudkomiteen

Foto: Svein Rune Kjølesdal

RAMIRENT



VELKOMMEN TIL SUNNFJORD OG LANGE LAND!

Langeland Skisenter er pynta til skifest. Deltakarane er klare. Trenarar og støtteapparat er spente. Vertskapet gler seg til å kome i gang, og vi ser fram til spennande konkurransar og sterke idrettsprestasjoner. Velkommen til Equinor Norgescup!

Førde Idrettslag var 100 år i 2020. Idrettslaget har idrettshistorie langt tilbake i tid, sterke tradisjonar i lag og klubbsamanheng, og god erfaring og kompetanse i å avvikle arrangement og konkurransar.

Jubileumsåret skulle Førde IL feire på forskjellige måtar. Ein av desse var Equinor Norgescup, som òg er eit resultat av idrettslaget sitt gode samarbeid med næringslivet, Vestland fylkeskommune og Sunnfjord kommune. Ved arrangement viser idrettslaget endå ein gang pågangsmot, vilje og evne til å skape utvikling og entusiasme. Dessverre sette snømangel ein stoppar for arrangementet i fjor, men godt forarbeid gav Førde IL arrangementet på ny i 2021.

Sist Førde IL arrangerte norgescup var i 1994. Same år blei «heimehåpet» vårt, Gjøran Tefre fødd. Vi håper sjølv sagt på at dette òg blir ein fin tradisjon, og at det i jubileumsåret kjem til verda endå eit stortalent !

Snart står nesten 150 av landets beste utøvarar på startstreken, og det skal konkurrerast i 3 dagar. Anlegget, løyper, vertskap, frivillige og dugnadsfolk står klar til å ta i mot alle som skal delta.

Sjølv om corona-pandemien og smittevernreglane vi må følge òg vil prege dette arrangementet, vonar eg at Sunnfjord og Førde vil vise seg frå si beste side.

Vi gler oss alle. Lykke til!



OLVE GROTLE
Ordførar
Sunnfjord kommune

Toyota Førde AS







Rennprogram


DAG	TIDSPUNKT	PROGRAM
Fredag	Frå kl. 9.00 kl. 9.00 kl. 9.30 kl. 11.00	NC friteknikk sprint prolog Første start, menn Første start, kvinner Start finaler
Laurdag	Frå kl. 9.00 kl. 9.00 kl. 11.00	NC friteknikk, individuell start Første start menn, 15 km (3x5 km) Første start kvinner, 10 km (2x5 km)
Søndag	Frå kl 9.00 kl. 9.00 kl 11.00	NC Klassisk, individuell start Første start menn, 15 km (3x5 km) Første start kvinner, 10 km (2x5 km)




Foto: NTB scanpix



Langeland ski- og fritidssenter



Langeland ski- og fritidssenter



Langeland ski- og fritidssenter



Langeland ski- og fritidssenter





**Vestland
fylkeskommune**



**Sunnfjord
kommune**

BKK

Velkommen til Langeland!

Det er med stor glede vi ønskjer langrenns-Norge velkommen til Langeland. Skianlegget er organisert gjennom eit aksjeselskap eigd av idrettslag i Førde og Gauldal, og er Sunnfjord sitt regionanlegg for langrenn. For folk flest er anlegget mest kjent for turløypene som går i naturskjønne område, med fjellet Storehesten som majestetisk bakgrunn. Det er interessa for turløypene som trekker flest folk til anlegget, og som er hovudgrunnlaget for økonomien i anlegget.

Dei siste åra det vore investert totalt 18 millionar i anlegget, i prosjekt som først og fremst er mynta på den aktive idretten. Det har vore investert i snøproduksjonsanlegg med røyrgate i 2 km løype. Skistadion har blitt vesentleg utvida, med ei bruløysing for å gjøre anlegget meir kompakt. Dette prosjektet omhandla også omlegging og utviding av konkurranseløypene med tanke på FIS-godkjenning, noko som kom på plass i 2019. Det største prosjektet siste åra er rulleskianlegget som stod ferdig hausten 2017, eit prosjekt til 9 mill kr og som har gitt oss ei løype på 3,3 km. Det siste tilskotet er nytt stadionhus som stod ferdig hausten 2019. Parkeringsplass med plass til 500 bilar har kome i stand i nært samarbeid med kommune og stat.

Som ei markering av den jobben som er gjort med anlegget vart Langeland Skisenter tildelt skiforbundet sin anleggspris i 2017, i samband med opning av rulleskianlegget. På denne bakgrunnen er det ekstra kjekt å kunne vise fram eit komplett langrennsanlegg for skifolk frå heile landet.



KJETIL BJØRSETH
Langeland Skisenter

BYGGTEAM AS
6800 FØRDE



Velkomen til Sunnfjord!

Velkomen til Norgescup-renn i Sunnfjord! Dette er ei flott profilering av nye Sunnfjord kommune. Difor er det naturleg at Sparebanken Sogn og Fjordane er støttespelar og sponsor. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er hovudeigar av banken. Vårt formål å vere ein langsiktig eigar av banken og dele ut samfunnsnyttige gåver av utbytet. Dette utgjer betydelege verdiar. I år vil t.d. stiftinga dele ut om lag 35 millionar kroner, og har då delt ut over 200 millionar sidan starten i 2011.

Fysisk aktivitet er sentralt for trivsel og folkehelse, difor støttar også Sparebankstiftinga idretten. Og her er det jo kjekt å vise til fleire gåver til både Førde IL Langrenn og Langeland skisenter. Men dei utallige dugnadstimane som er lagt ned i Norgescup-arangementet og å utvikle Langeland skisenter er nok det som har størst verdi.

Dette samarbeidet er den beste måten å utvikle regionen: ein offensiv sparebank, samfunnsnyttige gåver og eldsjeler med visjonar og gjennomføringskraft. Det er ein modell vi trur sikrar ei god utvikling også i framtida.



PÅL FIDJESTØL
Sparebankstiftinga
Sogn og Fjordane

Vi sjåast på Langeland!

Heilt sida eg var ein liten tass har eg trakka rundt på Langeland. Den gongen var høgdepunktet leik på fellestreningane eller safta etter karusellrenn. Mykje har forandra seg sidan dette. Mitt liv som skiløpar tok meg vidare ut til andre skianlegg. Først i Noreg, men også vidare ut i verda. Men uansett om det er Holmenkollen, Lahti, Drammen eller Oberstdorf vil Langeland skisenter alltid vere arena for mine beste skiturar.

Langeland har forandra seg mykje sidan eg var liten. Først fekk vi betre lys, så vart løypa breiare, før ho til slutt fekk asfalt. Løpenettet har blitt både større og FIS godkjent. Eit nytt stadionhus har reist seg og ny trakkemaskin har kome på plass. For det har alltid vore ein visjon om at Langeland skal vere stadion for meir enn karusellrenn og KM. Det skal vere ein stadion for både rulleskirenn og nasjonale skirenn. Det har blitt lagt ned utruleg mange dugnadstimar og mykje jobb for å få til dei nødvendige oppgraderingene dei siste åra. Derfor er det så utruleg kjekt at visjonen om eit nasjonalt renn kjem til live.

Livet eg lev som skiløpar den dag i dag kjem som eit resultat av øktene på Langeland. Miljøet i Førde IL og på Langeland gjorde meg til skiløpar og sende meg ut i verda. No er neste stoppestad på denne reisa Førde. Endeleg skal eg få kome heim igjen der eg hører heime. Tusen takk til alle som har gjort det mogleg å arrangere Norgescup i langrenn i Førde. Vi sjåast på Langeland!



GJØRAN TEFRE





NOTATER

NORTRONIK

ASKVOLL **SKILT** GRAVERING



equinor 

Vi støtter
Morgendagens
Helter